

**SAKSFRAMLEGG****Høyring på forslag til statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen - uttale**

Utval sak	Utval	Møtedato
65/09	Formannskapet	02.09.2009

Vedlegg:

1. Høyringsdokument – sjå
http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/hoeringer/paa_hoering.html?id=2013
2. Forslag frå arbeidsutvalet i Samarbeidsrådet til felles uttale.
3. Rådmannen sitt alternative forslag til felles uttale.

Bakgrunn

Miljøverndepartementet sendte i skriv 29.06.2009 ut forslag til statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen til høyring i m.a. kommunane. Fristen for å gje uttale til forslaget er sett til 4. september 2009.

Bakgrunn for at det vert foreslått statlege planretningsliner for strandsona er at det i ny plan- og bygningslov (plandelen) av 27. Juni 2008 nr. 71 også er fastsett nye regler om strandsona. Ved behandling av lova blei det og føresett at det skulle utarbeidast statlege planretningsliner for ein differensiert strandsonopolitikk. Retningslinene skal etter § 6-2 i ny lov fastsettest av Kongen.

Samarbeidsrådet rår til at det blir sendt ein felles uttale frå alle kommunane, eller at kommunen i størst mogleg grad legg seg opp til det felles forslaget.

Styret i Samarbeidsrådet skal handsama saka i møte 4 september, dvs same dag som høyringsfristen, og vil senda den endelege uttalen på mail etter møtet.

Drøfting:

Rådmannen meiner at utkastet til felles forslag er for avgrensa, då det ikkje gir nokon uttale til korleis dei generelle retningslinene bør vera, men avgrensar seg til kor sunnhordlandskommunane skal plasserast. Rådmannen har difor spela inn eit alternativ til uttale, der ein krev fleire kategoriar enn 2, og at det blir mogleg å dela kommunar i to kategoriar. Det første er viktigast, det siste er ynskjeleg, men som me ser kan denne vera svært viktig for Fitjar.

Det alternative forslaget er sendt styret i Samarbeidsrådet samstundes med at det blir sendt formannskapet, slik at ein ikkje har fått tilbakemelding.

Rådmannen vil presisera at Fitjar bør slutta seg til vedtaket i Samarbeidsrådet. Det kan difor vera ynskjeleg å gje ein generell uttale, om at kommunen sluttar seg til vedtaket i Samarbeidsrådet (slik det vil lyda etter styremøtet).

Som vedlegg til saka fylgjer styret sitt forslag, og rådmannen sitt tillegg i eigne dokument.

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune sluttar seg til høyringsfråsegna frå Samarbeidsrådet i Sunnhordland - uttale til statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Behandling i Formannskapet - 02.09.2009:

Formannskapet drøfta saka og kom med slikt framlegg til vedtak:

Fitjar formannskap vil understreka at store deler av Fitjar kommune ligg innanfor 100-meters beltet i strandsona, at denne er svært viktig for kommunen, ei berekraftig utvikling i kommunen er avhengig av at kommunen kan disponera areala i strandsona på ein friare måte enn det nye regelverket opnar for. Kommunen kan akseptera at det kan vera trong for ei strengare regulering i deler av kommunen der det er spesielle nasjonale verdiar, men krev i tilfelle større råderett enn i dag for resten av strandsona i kommunen.

Det er ikkje haldbart at Fitjar kjem i same kategori som sentrale areal i Oslofjordområdet, formannskapet kan ikkje sjå at det er tilsvarende press på areala i Fitjar Kommune.

Det vil klårt vera store forskjellar mellom kommunar innan ei så grov soneinndeling som foreslått. Fitjar formannskap meiner difor for at dei generelle retningslinene bør ha med fleire enn 2 kategoriar for differensiering.

Fitjar formannskap krev difor:

1. at det i dei statlege planretningslinene blir etablert meir enn 2 generelle kategoriar for differensiert forvaltning.
2. at kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes vert strokne frå pkt 4.3 i planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, dersom desse blir vedtekne i samsvar med forslaget.
3. at fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og kommunane i Sunnhordland startar arbeidet med Interkommunal plan for forvaltning av strandsona i Sunnhordland umiddelbart.

Fitjar formannskap vil elles gje tilslutning til arbeidet med forvaltning av strandsona i Sunnhordland gjennom Samarbeidsrådet for Sunnhordland, og sluttar seg til høyringsfråsegna frå Samarbeidsrådet i Sunnhordland - uttale til statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg frå formannskapet.



Atle Tornes
Rådmann